



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

## Referat

# Studentparlamentsmøte 02.03.2022

**Tid** Onsdag 02.03.22 kl 16.00-20.00  
**Stad** Sivert Aarflot 272

### Til stades med stemmerett: 9

**AHL** Severine Riise Eidem (H) Ammy Bolme (V)  
**AKF** Calvin Thomas Berget (V)  
**AMF** Stian Woo Andersson (V), Henriette Nordheim (H)  
**ASH** Jenny Nystad (H)  
**FRI** Rikke Jenny Pettersen (H), Vidvuds Karlis Sulcs (H), Abdikani Amin (H)

**Meldt forfall:** Gwendolyn Wördenweber (AMF), Håvard Sætre Øvrebø (AKF), Andrine Kompen (AHL), Leander Prag Sømme (AKF), Monira Adam (ASH), Marit Aklestad (org.kons).

### Til stades utan stemmerett

**AU:** Trond-Fredrik Hoddevik, Fady Gemayel, Daria Jermacane, Matilde Tafjord Rødhammer, Bethel Britto  
**Ordstyrar:** Irmelin Angell Losvik  
**Referent:** Leiar Trond-Fredrik Hoddevik  
**Andre:** Sak 54: Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim  
Sak 60: Irmelin Angell Losvik som styreleiar i Studentsamskipnaden  
Ida Margrethe Ulvestad (3. vara FRI)

## Saksliste

Sak 50 – 21/22:	Opprop og val av møteleiing .....	2
Sak 51 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	2
Sak 52 – 21/22:	Godkjenning av dagsorden med saksliste .....	3
Sak 53 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 26.01.22.....	3
Sak 54 – 21/22:	Resultatet av Studiebarometeret 21 .....	3
Sak 55 – 21/22:	Innspel til ekstramidlar frå KD til HVO og SiVolda.....	4
Sak 56 – 21/22:	Val av delegasjon til NSO sitt landsmøte.....	5
Sak 57– 21/22:	Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø .....	5
Sak 58 – 21/22:	Prinsippprogram 2022-26.....	6
Sak 59 – 21/22:	Komite for revidering av vedtekter .....	7
Sak 60 – 21/22:	Orientering om val til styret i SiVolda.....	7
Sak 61 – 21/22:	Orienteringar .....	8

## Sak 50 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

---

### Namneopprop

9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

Pga. Fråver av organisasjonskonsulent, blir det forslag på leiar Trond-Fredrik Hoddevik til referent.

#### Vedtak (samrøystes)

- Irmelin Angell Losvik vart vald til ordstyrar
- Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik vart vald til referent
- Fady Gemayel og Bethel Britto vart valde til teljekorps.

## Sak 51 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

---

#### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

## Sak 52 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

---

Endring av saksframlegger på sak om prinsippprogram og LMU. Sakliste sendt ut innanfor reglane.

### **Vedtak (samrøystes):**

Studentparlamentet vedtok saklista for møtet.

## Sak 53 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 26.01.22

Type sak: Vedtakssak

---

### **Vedtak (samrøystes):**

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 26.01.22.

## Sak 54 – 21/22: Resultatet av Studiebarometeret 21

Type sak: Orienteringssak

---

Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim la fram resultatet av undersøkinga Studiebarometeret, og det var ope for spørsmål og kommentarar.

### **Orientering frå Odd Helge Mjellem Tonheim**

Overordna gjer HVO det bra, men har gått markant ned på fagleg og sosialt miljø, samt eige engasjement. Det kan tolkast i tråd med korona, då undersøkinga tok plass med nedstenging.

Det fysiske campusområdet, med bibliotek har nesten maks snitt. Det blir etterspurt meir tilknytting i arbeidslivet, men statistikken viser at HVO er på høgde med andre studieinstitusjonar her.

HVO kjem til å arbeide vidare med “engasjement” og “fagleg og sosialt miljø” gjennom velferdsgruppe, samarbeid med SP og tiltak på dei ulike avdelingane og studieretningane.

### **Kommentarar og spørsmål frå Studentparlamentet**

- Usikkerheit kan også spele inn på resultatet for kvifor tilfredsheita er låg.

- Det merkast i undervisninga på AMF, at der er ein forskjell mellom MAGLU 1-7 og MAGLU 5-10, der sistnemnte i større grad er misfornøgde.
- Kva ligg under «organisert læringsaktivitet»? Der er spørsmåla vage, men kan tolkast som ledd inn mot sjølvstudium, kollokviegrupper m.m.
- Korleis samanlikne score i Studiebarometeret? Resultata blir telde per person, og på enkelte studium med få studentar/få svar, blir tala for små til å gjerast synleg i statistikken.

## **Sak 55 – 21/22: Innspel til ekstramidlar frå KD til HVO og SiVolda**

Type sak:                      Diskusjonssak

---

Irmelin orienterer om saka og ein liten idémyldring tek plass. Spørsmål som er stilt undervegs handlar om kva midlane sitt formål er, og kor lenge desse midlane varer. Det er mange studentorganisasjonar som har søkt midlar ved SiVolda, men som ikkje er nøgd med at dei har fått utbetalt lågare sum enn det dei har søkt om.

### **HVO – faglege og sosiale tiltak for at studentane skal oppretthalde studieprogresjonen**

- Studieturar, ekskursjonar for klassen (ala type støtte ein tidlegare kunne søke med Velferdsgruppa).
- Auke talet eksemplar av pensumbøker tilgjengeleg på biblioteket. På sikt gjere ordne det slik at eit eksemplar av kvar pensumbok alltid er tilgjengeleg på biblioteket.
- Fleire vasskokarar på campus

### **SiVolda – psykososial oppfølging og god psykisk helse blant studentane**

- Midlar knytt til sosiale ordningar som Velferdsgruppa arrangerer, som “Mat og Prat”.
- Om mogleg gje større beløp til studentorganisasjonar som søker støtte frå SiVolda, for å ordne aktivitetar.

## Sak 56 – 21/22: Val av delegasjon til NSO sitt landsmøte

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet valde delegasjon til landsmøtet i NSO, som finn stad i Tønsberg 21.-24. april 22.

### Vedtak

Studentparlamentet ved desse som utsendingar til LM-NSO 22:

Delegat: Leiar Trond-Fredrik Hoddevik

Delegat: Nestleiar Matilde Tafjord Rødhammer

Delegat: Rikke Jenny Pettersen

Gjest og 1. vara: Calvian Thomas Berget

2. vara: Karl Schultz

3. vara: Severine Riise Eidem

4. vara: AU får mynde til å supplere

Desse stilte til val, i tillegg til leiar og nestleiar frå AU:

Rikke Jenny Pettersen, Calvian Thomas Berget, Sverine Riise Eidem, Karl Schultz.

Votering: urneval.

- 2 delegatplassar går til leiar og nestleiar (einstemmig)
- 1 delegatplass til medlem i parlamentet valde i møtet
  - Stemmeliikskap mellom to av kandidatane gav behov for ein 2. stemmerunde.
- Delegasjonsleiar blir valt internt i delegasjonen.

*Merknad: Etter møtet måtte dessverre Matilde Tafjord Rødhammer melde forfall til LM. Calvian Thomas Berget har dermed rykka opp til delegat, og Karl Schultz blir gjest og 1. vara. AU har supplert varalista med Leander Prag Sømme (3. vara) og Bethel Britto (4.vara). Trond-Fredrik Hoddevik er vald til delegasjonsleiar.*

### Pause

## Sak 57– 21/22: Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø

Type sak: Orienteringssak

Medlem i LMU – Læringsmijøutvalet ved HVO, Daria Jermecane, presenterte planen og arbeidet LMU har lagt ned i planen i fråver av leiar Andrine Kompen.

Det var ope for spørsmål og kommentarar, men det kom ikkje fram nokon.

## Sak 58 – 21/22: Prinsippprogram 2022-26

Type sak: Diskusjonssak

Ordstyrar orienterte møtet om utforminga av det nye prinsippprogrammet for 22-26, og det vart jobba i grupper.

Innspel frå Parlamentet:

<b>Sosiale tiltak og gjenoppretting av studentengasjement</b>	
	Jobbe for å få oss tilbake på nivået frå før pandemien og auke studentengasjementet
	Få til meir samarbeid på tvers av organisasjonane, deriblant få ein "open dag" for alle studentorganisasjonar.
	Engasjere lokalsamfunnet, med bedrifter som Family Sports og Rokken Kafe
	Få til temakvelder/gjesteførelingar, deriblant med inspirasjon frå den store interessen i Ukraina-konflikten.
	Senke terskelen for studentar som ynkjer å møte organisasjonar
	Få folk til å delta på arrangement der ein leggje til rette for meir kontakt mellom studia.
	Kan begynne med å få førsteårsstudentar til å dele sine opplevingar, spesielt viktig for dei som kjem rett frå vgs.
	Fremme arrangementer som skaper mindre press på alkohol, og der alkohol ikkje er hovudelement i arrangementet.
	Øymerke pengane studentparlamentet gir ut som velferdsmidlar for å unngå bruk på alkohol. (blir allereie gjort per i dag).
<b>Informasjon og kommunikasjon</b>	
	Meir transparens i progresjonen i saker
	Generelt meir informasjon.
	Bruke tillitsvalde for å nå ut til klassen med info, og styrke tilkoplinga mellom tillitsvald og studentdemokrati.
	Fleire infoskjermar på høgskuleområdet
<b>Tillitsvalde</b>	
	Få rapportering i større grad når ein klager til lærar eller utval. Få det meir synleggjort.
	Fast mal for val av tillitsvalde (har det per i dag, men problem at faglærar ikkje brukar den).
<b>Studentvelferd</b>	
	Få til ein håndbok/"life hacks" om studentvelferd som blir gitt ut til studentane
	Støtte organisasjonar (fadderveka) som kan få gitt ut informasjonen
	Få informasjonen både fysisk og digitalt

## Sak 59 – 21/22: Komite for revidering av vedtekter

Type sak: Vedtakssak

---

Daria orienterte om arbeidet med revidering av vedtektene, der ei gruppe i AU jobbar med enkelte justeringar, blant anna jobbar med å fastslå arbeidsspråk, oppmøte digitalt/fysisk og korleis gjennomføring av møta.

Desse stilte til val:

Ingen av medlemmane i Studentparlamentet interesserte i å delta i komiteen for vedtektsendringar.

### **Vedtak:**

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å velje to-tre representantar frå faste og vara-representantar til komiteen for vedtektsendringar.

## Sak 60 – 21/22: Orientering om val til styret i SiVolda

Type sak: Orienteringssak

---

Styreleiar i SiVolda, Irmelin Angell Losvik, orienterte om kva eit verv i styret i Samskipnaden inneber og kva arbeidet går ut på, og det var høve til å stille spørsmål.

Studentparlamentet vil velje personar til styreverva på neste møte, 30.03.22.

### **Spørsmål som kom opp i møtet:**

- Er vervet betalt - ja
- Når trer du i kraft i vervet – august
- Tidspunkt ved møter - dagtid pga. tilsette si arbeidstid (ferdig før 17)
- Bør det informerast for andre studentar – ja
- Blir det reklamert frå SiVolda, HVO og SP – ja, oftast med innlegg på SoMe

## Sak 61 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

---

### Info frå AU

#### Dette har skjedd sidan sist:

- Pris for internasjonalisering tildelt Animation Volda - Fady orienterte om prisgivinga
- SAIH Vinterkonferanse – Fady orienterte om konferansen og ønske om å lage eit medlemslag
- Prosess nytt fadderstyre – interjuva har starta, nytt fadderstyre presentert på neste parlamentsmøte.

#### Dette skjer framover:

- Spørreundersøkelse, fadderveka – Bethel Britto orienterte om undersøkinga som kjem
- SAIH landsmøte 29.-30. April. - Fady orienterte om landsmøtet og at vi har berre ein delegat
- Sak om valt vs tilsett rektor - Trond Fredrik orienterte om saka, det vil bli den neste store saka på neste parlamentsmøte
  - o Irmelin foreslår å invitere studentrepresentantane i Høgskulestyret til saka. AU vil ta stilling til det.
- NSO landsmøte 21.-24. april. Formøte 2.-3. april.

### Info frå studentar i råd og utval

### Info frå medlemmane i Studentparlamentet

Ingen eventuelt-saker.

Møteslutt ca. 19.10.